

Nordfjordeid, 30. januar 2019

**Til Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane
Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune**

Kopi: KS Sogn og Fjordane

Skuleskyss på farleg riksveg

Eid kommune vil med dette be Fylkesutvalet og Fylkesnemnda for Vestland fylkeskommune om å gjere endringar i dagens skyssregelverk for å sikre trygg skulekvardag for elevar i vidaregåande skule med reiseveg under 6 km på trafikkfarleg og sterkt trafikkert riksveg.

For grunnskuleelevar er det opna for å gjere ei skjønnsmessig vurdering om rett til skuleskyss også for elevar som bur nærmere enn fastsett km-grense - dersom skulevegen er trafikkfarleg. Det er derimot ikkje opna for å gjere ei slik vurdering for elevar i vidaregåande skule. Her er 6 km-grensa absolutt slik dagens regelverk i Sogn og Fjordane er utforma.

I Eid råkar dette særleg elevar busett på Haugen, som ligg 5-6 km vest for Nordfjordeid sentrum langs Rv15. Det er gang- og sykkelveg på det meste av strekninga, men på ei strekning på ca 800 meter er det ingen alternativ for gående og syklande, ikkje vegskulder og svært trafikkfarleg å ferdast. Trafikken på strekninga er stor (ÅDT på ca 3.700), med særskilt stor trafikk i tida før og etter skule/arbeid. Det er også mykje tungtrafikk på strekninga, sidan vegen er del av stamnettet for godstransport mellom Måløy og Otta/E6, samt tilførselsveg inn mot E39.

Vi finn det vanskeleg å kunne forsvare at ungdom i aldersgruppa 15-19 år skal bli sendt ut til fots eller sykkel på denne strekninga - ei strekning der sjølv ikkje vaksne folk som skal gjere arbeid langs vegen har lov å gjere det utan følgjebil eller lysregulering.

Den varige løysinga på saka er utbygging av gang- og sykkelveg på dei manglande 800 meterane av Rv15. Det er ei sak Eid kommune gjentekne gonger har spelt inn til Statens Vegvesen i samband med handlingsplanar for riksvegnettet.

I mellomtida meiner vi det er nødvendig å sjå på andre løysingar, for å setje ungdom og trafikktryggleik i sentrum. Vi vil be Fylkesutvalet og/eller Fellesnemnda ta saka opp til drøfting, og ser i alle fall tre konkrete tiltak som kan setjast inn:

- Vende seg til statlege styresmakter med krav om at same regelverk i Opplæringslova om rett til skuleskyss ved farleg skuleveg for elevar i vidaregåande skule som det er for grunnskuleelevar
- Gi opning for ei slik skjønnsvurdering i Sogn og Fjordane sitt skyssreglement for vidaregåande skule - ut over minimumskrava i Opplæringslova. Vi syner til at dette nyleg er gjort av Telemark fylkeskommune
- Gå i dialog med Statens Vegvesen om strakstiltak på strekninga Rv15 Eid-Haugen for å sikre trygg skuleveg - til dømes forsert utbygging av gang- og sykkelveg, følgjebil på same måte som ved vegarbeid på strekninga, etc.

Vi vil tru dette er ei problemstilling som også gjeld fleire stader rundt dei vidaregåande skulane i fylket. Eid kommune stiller gjerne opp på eit møte for å orientere nærmare om saka.

Alfred Bjørlo
Ordførar i Eid kommune

Harald Sivertsen
Kommunalsjef Oppvekst